

Retningslinjer for ordninga Støtte til ny musikk for unge stemmer

Les om ordninga og søk på www.ungikor.no/nymusikk

1 Om satsinga

Ung i Kor har sidan 2021 ei fast satsing på ny musikk for barne- og ungdomskor. Målet med satsinga er todelt:

- At norske barnekor skal få høve til å få musikk skriven til koret.
- At unge tonesetjarar skal bli oppmuntra til å skrive for unge røyster.

Satsinga skal komplettere andre ordningar for nyskriven musikk gjennom å fokusere særskilt på unge opphavrar, og gjennom å vere retta mot ein særskild type ensemble.

Ordninga er støtta av Dextra. Ein pilotversjon av satsinga vart gjennomført i 2018.

2 Kven kan søkje?

Det er opent for både kor og komponistar å søkje om støtte. Kor som søker må ha avtalt søknaden med komponisten på førehand. Komponistar som søker kan be Ung i Kor om hjelp til å finne eit passende kor for verket (Sjå punkt 6).

3 Tildeling

Ein søknad som får tildeling får økonomisk støtte etter ein fast sats. Storleiken på satsen blir fastsett av sentraladministrasjonen i Ung i Kor før kvar utlysingsrunde. Ordninga kan lysast ut opp til to gonger i året, med fastsette søknadsfristar. Tildelinga blir gjort av sentraladministrasjonen i Ung i Kor.

4 Honorar til tonesetjar

Koret avtalar sjølv eit honorar med tonesetjaren ut frå verkets karakter og tonesetjarens arbeidsinnsats. Tildelinga frå Ung i Kor kan utgjere anten heile eller delar av dette honoraret. Midlane frå ordninga kan ikkje brukast til andre ting.

Honoraret blir utbetalt til tonesetjaren etter overlevering til koret. Overleveringa skal kunne stadfestast av både koret og tonesetjaren.

Det er mogeleg å søkje om økonomisk støtte til rettleiing i komposisjonen.

5 Kriterium

Følgjande kriterium vil vere relevante for tildelinga:

Om verket:

- Teksten må vere opphavsrettleg fri. Alternativt må alle rettar til teksten vere avklarte med tekstens opphavar på førehand.
- Rettleiande lengd på verket er 2-4 minutt. Kor og komponistar som ynskjer andre lengder på verka kan argumentere særskilt for dette.

- Rettleiande kompleksitet for verket er 1-4 stemmer, med ei stemmefordeling eller instrumentering som er relevant for koret. Kor og komponistar som ynskjer andre stemmefordelingar kan argumentere særskilt for dette.
- Det må vere eit nyskrive og originalt musikkverk. Verket kan ikkje vere eit arrangement av eit tidlegare verk frå komponisten eller ein annan opphavar.

Om koret:

- Koret må vere aktivt i Noreg.
- Koret må ha songarar opp til 26 år som hovudsakleg målgruppe.
- Kor som elles ikkje arbeider med nyskriven musikk vil kunne prioriterast.

Om tonesetjaren:

- Tonesetjaren må kunne vise til anten relevant bakgrunn og erfaring frå komponering *eller* relevant bakgrunn og erfaring frå arbeid med barne- og ungdomskor.
- Tonesetjaren må kunne sende ein arbeidsprøve av noko som er skrive eller arrangert for ei relevant instrumentsamansetjing.
- Tonesetjaren må vere over 18 år.
- Tonesetjarar under 26 år kan prioriterast.
- Tonesetjaren må vere sjølvstendig næringsdrivande, og føre honoraret som inntekt på føretaket.

Det er eit avgrensa tal på kor mange verk som kan få støtte kvart år. Ung i Kor vil kunne bruke skjøn i kva kriterium som blir vektlagde.

6 Komponistar som søker kor

Komponistar som søker om støtte kan få hjelp av Ung i Kor til å finne eit relevant kor til gjennomføringa. I dei tilfella vil koret kunne få tilbod om eit honorar for gjennomføring. Dette honoraret blir utbetalt etter urframføring.

Kor som er særskilt interesserte av å bli kontakta om dette, kan melde frå separat til Ung i Kor.

7 Oppfylgning

Ung i Kor vil diskutere framdriftsplanane for alle verk med alle søkerar før tildelinga. Søklarar som vil gjennomføre prosjektet innan ei gjeven tidsramme kan prioriterast.

Les om ordninga og søk på www.ungikor.no/nymusikk